



Martin Peter Matre
Einleitevegen 13
5984 MATREDAL

Referanser:
Dykkar: Martin Matre
Vår: 20/8208 - 23/34073

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
03.05.2023

Viltfond, Støtte frå kommunal viltfond, Lindås/ Masfjorden bestandsplanområde BPO 40

Administrativt vedtak: Saknr: 440/23

VEDTAK:

Lindås/ Masfjorden bestandsplanområde BPO 40 vert løyvd kr. 7.500 frå viltfondet i Alver kommune til generell drift av bestandsplanområde.

Midlane utbetalast når bank kontonummer vert sendt til kommunen.

Vedtaket om tildeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Saka gjeld:

Martin P. Matre, kasserar i BPO 40, søker på vegne av bestandsplanområdet Masfjorden og Alver i brev dagsett 22.03.2023 om tilskot frå det kommunale viltfondet i Alver kommune. Det vert søkt om midlar til generell drift av BPO 40 og planlegging/ utarbeiding av ny bestandsplan for neste planperiode. Der søkjast totalt om kr 20.000 frå Alver kommune.

VURDERING:

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av FOR-201 1 -05-1 5-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

- Tilskott til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen. Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Fondet kan ikkje nyttast til:

- Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltning (faste utgifter til lønn, møtegodtgjersler, reiser mv).
- Å erstatte skader voldt av vilt.
- Skuddpremier

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål med omsyn til økonomisk støtte til forbetra samarbeid i jaktorganiseringa og forbetring av kunnskapen omkring den lokale hjortebestand. Søknad kan difor støttast med midlar frå viltfondet.

Administrasjonen har i fellesskap med Masfjorden kommune vurdert og fastlagt tilskottsnivå. Både kommunar har vurdert ikkje å gje støtte til planlegging/ utarbeiding av ny bestandsplan for neste planperiode da planen skal ikkje fornyast før til sesong 2025.

Det er eit mål for forvaltninga at jegerar og grunneigarar skal ha ein større rolle i hjorteviltforvaltninga. Alver kommunen er positive for økonomisk støtte til utarbeiding av ny bestandsplan når talgrunnlag frå sesong 2023 og 2024 foreligger.

Det løyvde beløpsnivå er og vurdert med omsyn til kva andre storvild i Alver kommune er løyvd til generell drift avhengig av uttak.

Regelverk

FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/34073.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Martin Peter Matre

Einleitevegen 13

5984

MATREDAL